


*Anne Snellingen Bye og Anne Ingun Løvberget*  
**Landbruksteljing 2010**





*Anne Snellingen Bye og Anne Ingun Løvberget*  
**Landbruksteljing 2010**

	<b>Standardteikn i tabellar</b>	<b>Symbol</b>
© Statistisk sentralbyrå	Tal er umogleg	.
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal	Oppgáve manglar	..
Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.	Oppgáve manglar førebels	...
Publisert januar 2014	Tal kan ikkje offentleggjerast	:
	Null	-
ISBN 978-82-537-8861-6 (trykt)	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
ISBN 978-82-537-8862-3 (elektronisk)	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
ISSN 0806-2056	Førebels tal	*
Emne: Jord, skog, jakt og fiskeri	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Desimalskiljeteikn	,



## Forord

Formålet med denne rapporten er å gi ein samla presentasjon av resultata frå Landbruksteljing 2010 på fylkesnivå og for ulike grupperingar som til dømes jordbruksareal i drift, driftsform, brukartype og årsverk. Éin tabell i kapittel 1 viser resultat etter kommune.

Landbruksteljing 2010 var ei kombinert skjema- og registerbasert undersøking av alle jordbruksbedrifter. I tillegg blei det henta opplysningar frå administrative register om alle landbrukseigedomar, utan omsyn til om det var jordbruksdrift eller ikkje på eigedom.

Kapittel 1 gir bakgrunn for teljinga, definisjonar av kjennemerke og oversikt over registra som er nytta i teljingsarbeidet. Statistikk for landbrukseigedomar er gitt i kapittel 2 og 3, kapittel 4 til 8 omfattar statistikk for jordbruksbedrifter og kapittel 9 inneheld tabellar med samanstilte tal for landa i EU, Noreg, Island og Sveits.

Datagrunnlaget er arkivert på individnivå (landbrukseigedom og jordbruksbedrift), og meir detaljert statistikk kan produserast på bestilling.

Statistikk frå Landbruksteljing 2010 er tidlegare blitt publisert på [ssb.no](http://ssb.no) som dagens statistikk, magasinartiklar og tabellar i Statistikkbanken.

Publikasjonen er utarbeidd av seniorrådgjevar Anne Snellingen Bye og førstekonsulent Anne Ingun Løvberget, Seksjon for primærnæringsstatistikk. Statistikkrådgivar Ole Rognstad har gitt gode innspel og tilbakemeldingar.

Statistisk sentralbyrå, 21. november 2013

Hans Henrik Scheel

## Samandrag

Landbruksteljing 2010 blei gjennomført som ei fullteljing av Statistisk sentralbyrå, Seksjon for primærnæringsstatistikk. Teljinga var organisert som eit eige prosjekt ved seksjonen i perioden 2008-2012. Fullstendige teljingar har blitt gjennomført om lag kvart tiande år sidan 1907.

*Populasjonar* Landbruksteljinga 2010 omfatta følgjande:

- Ei kombinert skjema- og registerbasert teljing av 46 624 aktive jordbruksbedrifter inkludert hagebruk
- Ei registerbasert teljing av 189 000 landbrukseigedomar, utan omsyn til om det var jordbruksdrift eller ikkje på eigedomen

*EØS-avtala* Teljinga skulle dekke både nasjonale og internasjonale statistikkbehov. Noreg er ifølgje EØS-avtala forplikta til å rapportere tal for jordbruksbedrifter til EUs statistikkbyrå Eurostat. Rapporteringa blei gjennomført innan tidsfristen sett av Eurostat. Felles krav til data, inklusive ei ny inndeling av jordbruksbedrifter etter driftsform, betyr at det kan publiserast samanliknbar statistikk for alle EU- og EØS-land. Tabellane i kapittel 9 inneheld slik statistikk.

*Jordbruksbedrifter* I den skjemabaserte teljinga av aktive jordbruksbedrifter var det oppgåveplikt for alle som dreiv minst 5 dekar jordbruksareal per 31. juli 2010. I tillegg var det fastsett supplerande krav for å fange opp einingar med husdyrhald eller hagebruk over visse omfang.

Den skjemabaserte datainnsamlinga omfatta tre ulike skjema:

- Hovudskjema for alle opplysningspliktige jordbruksbedrifter
- Hagebruksskjema for einingar med hagebruk over definerte minstegrenser
- Tilleggsskjema om jordbruksareal og husdyr for einingar som ikkje søkte produksjonstilskot i jordbruket

Av dei i alt 46 624 opplysningspliktige jordbruksbedriftene var det 3 036 som dreiv hagebruk over dei definerte minstegrensene. Den viktigaste administrative datakjelda for jordbruksbedriftene var søknad om produksjonstilskot i jordbruket. Tilskotsregisteret inneheld detaljerte opplysningar om bruken av jordbruksarealet og tal dyr for dei ulike husdyrslaga. 855 einingar søkte ikkje produksjonstilskot og måtte fylle ut tilleggsskjemaet.

Om lag 24 prosent av oppgåvegivarane nytta web-portalen Altinn ved innsending av skjema.

For første gongen ble det publisert tal frå Meirverdiavgiftsregisteret for samla omsetnad på jordbruksbedriftene.

*Landbrukseigedomar* Statistikken for landbrukseigedomar bygger på ein kombinasjon av data frå Landbruksregisteret, Matrikkelen og digitale arealressurskart. Bruk av kartbaserte verktøy (GIS) sto sentralt i to utviklingsprosjekt for landbrukseigedomane, eit arealprosjekt og eit prosjekt om arrondering av jordbruksarealet.

Arealprosjektet ga tre viktige resultat: Ein korrigert og forbetra populasjon av landbrukseigedomar, tal for eigedomane sitt totale areal og dette arealet delt inn i 23 ulike arealtypar og areal for 9 ulike typar næringsbygg.

Rapporten omfattar totalt 107 tabellar med resultat frå Landbruksteljing 2010.

Gjennomføring av landbruksteljinga er dokumentert i publikasjonen Notater 2013/27 Landbrukstelling 2010. Dokumentasjon.

## Abstract

Census of Agriculture 2010 was conducted by Statistics Norway, Division for Primary Industry Statistics. The census was organized as a separate project in the division in the period 2008-2012. Complete censuses have been conducted about every tenth year since 1907.

*Populations* The Census of Agriculture 2010 comprised:

- A combined questionnaire and register-based census of 46 624 agricultural holdings
- A register-based census of 189 000 agricultural properties

*Holdings* The census covered both national and international user needs. Norway is obliged to report data on holdings to EU's statistical office Eurostat in accordance with the EEA Agreement. This reporting was completed within the deadline set by Eurostat. Common data requirements, including a new typology for agricultural holdings, make it possible to present comparable statistics for all EU and EEA countries. Chapter 9 contains such statistics.

The questionnaire and register-based census of holdings comprised all holdings with at least 5 decares of agricultural land on 31 July 2010. In addition, supplementary requirements were determined to cover holdings with livestock or horticulture over certain thresholds.

The questionnaire-based data collection comprised three different questionnaires:

- The main questionnaire for all holdings
- The Horticultural questionnaire for units with horticulture over defined thresholds
- The Additional questionnaire on agricultural area and livestock filled in by units which did not apply for production subsidies in agriculture

Out of the total of 46 624 holdings, 3 036 ran horticulture over the defined thresholds. The most important administrative data source for the holdings was the applications for governmental subsidies in agriculture. This register contains detailed information on the use of agricultural land and the numbers of different livestock species. 855 units did not apply production subsidies and had to fill in the additional questionnaire.

Approximately 24 per cent of the respondents used the electronic questionnaire on the governmental web portal Altinn.

For the first time, statistics were presented on the holdings' total turnover based on the VAT register.

*Agricultural properties* Statistics on agricultural properties are based on data from the Farm Register, the National Cadastre and digital land resource maps. Use of map-based tools (GIS) was crucial in two development projects concerning agricultural properties: an area project and a project on the number of fields operated by each holding. The first mentioned project resulted in an improved population of agricultural properties, total area of the properties and the total area divided into 23 different land types.

Implementation of the census is documented in Notes 2013/27 Census of Agriculture 2010. Documentation.

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>5</b>
<b>1. Om Landbruksteljing 2010</b> .....	<b>7</b>
1.1. Føremål og historikk.....	7
1.2. Om produksjon av statistikken .....	7
1.3. Register.....	11
1.4. Omgrep .....	12
1.5. Grupperingar .....	14
1.6. Meir informasjon.....	15
<b>2. Landbrukseigedomar, areal og eigedomsstruktur</b> .....	<b>22</b>
<b>3. Busetjing, bygningar, eigarar og leigejord</b> .....	<b>30</b>
3.1. Busetjing, bygningar og eigarar.....	30
3.2. Leigejord .....	31
<b>4. Jordbruk</b> .....	<b>41</b>
<b>5. Hagebruk</b> .....	<b>59</b>
<b>6. Husdyr</b> .....	<b>85</b>
<b>7. Brukarar, sysselsetjing og andre landbruksbaserte næringar</b> .....	<b>101</b>
<b>8.inntekt, formue, gjeld og omsetnad</b> .....	<b>121</b>
8.1. Inntekt, formue og gjeld.....	121
8.2. Omsetnad.....	122
<b>9. EU og Noreg</b> .....	<b>141</b>
<b>Vedlegg A: Hovudskjema for personlege brukarar</b> .....	<b>147</b>
<b>Vedlegg B: Hovudskjema for upersonlege brukarar</b> .....	<b>155</b>
<b>Vedlegg C: Hagebruksskjema</b> .....	<b>163</b>
<b>Vedlegg D: Tilleggsskjema for areal og husdyr</b> .....	<b>171</b>
<b>Figurregister</b> .....	<b>179</b>
<b>Tabellregister</b> .....	<b>180</b>

# 1. Om Landbruksteljing 2010

## 1.1. Føremål og historikk

*Føremål* Føremålet med teljinga var å gi ein oversikt over ressurs- og produksjonsgrunnlag og driftsmessige, miljømessige og økonomiske forhold innan jordbruksnæringa. I tillegg skulle teljinga gi ein historisk oversikt over utviklinga. Landbruksteljing 2010 omfatta alle aktive jordbruksbedrifter, inkludert hagebruk og husdyrhald, og alle landbrukseigedomar med minst 5 dekar jordbruksareal og/eller med minst 25 dekar produktivt skogareal.

*Historikk* Fullstendige teljingar er blitt gjennomført om lag kvart tiande år sidan byrjinga av 1900-tallet. Særskilde, fullstendige jordbruksteljingar er blitt halde i 1907, 1918, 1929, 1939, 1949, 1959, 1969 og 1999. I 1979 og 1989 blei det halde fullstendige landbruksteljingar. Jordbruksteljingane omfattar bedrifter i jordbruket, medrekna hagebruk og husdyrhald. Landbruksteljingane omfattar i tillegg til jordbruksbedriftene alle landbrukseigedomar, medrekna reine skogeigedomar og uavhengig av om det var sjølvstendig jordbruksdrift på eigedomen. Det blei halde særskilde fullstendige skogbruksteljingar i 1920-27, 1957 og 1967. Dessutan var det særskilde, fullstendige hagebruksteljingar i 1974 og 1985.

Publikasjonane med resultat frå alle dei fullstendige teljingane sidan 1907 er tilgjengeleg på internett <http://www.ssb.no/a/histstat/publikasjoner/>.

*Brukarar og bruksområde* Resultata frå dei fullstendige teljingane har alltid vore viktige som grunnlag for planlegging, utgreiing, og avgjerdsstøtte for offentlege styresmakter og landbruksforvaltning på sentralt og lokalt nivå. Datagrunnlaget er eit viktig bidrag i jordbruksforhandlingane mellom Staten og næringsorganisasjonane i landbruket. Data frå dei fullstendige teljingane blir også nytta til forskning. Ei fullteljing gir høve til å formidle tal for mindre geografiske område enn det som er tilfelle med utvalsundersøkingar. Dette gjev eit betre datagrunnlag for kommunal forvaltning og for å vurdere utviklinga på mindre regionar enn fylke.

## 1.2. Om produksjon av statistikken

Landbruksteljing 2010 blei planlagt og gjennomført som ei fullteljing av Statistisk sentralbyrå (SSB) i perioden 2008-2012. Landbruksteljinga vart finansiert med egne midlar i SSBs budsjett. Teljinga blei gjennomført med bakgrunn i nasjonale behov og internasjonale forpliktingar. Dei nasjonale behova blei dokumentert i form av ei brei brukarundersøking våren 2008 blant sentrale brukarar av offisiell statistikk.

*Heimel* Statistisk sentralbyrå henta inn opplysningane til Landbruksteljing 2010 med heimel i § 2-2 (1) i Lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå av 16. juni 1989 nr. 54.

*EØS-avtala* Ifølgje EØS-avtala har Noreg plikt til å gjennomføre dei same strukturundersøkingane i jordbruket som medlemslanda i EU. Dei generelle vedtaka for strukturundersøkingane er gitt i Forordning (EC) nr. 1166/2008 av Europaparlamentet og Rådet av 19. november 2008. Alle EU-landa gjennomførte ei fullstendig teljing i 2009 eller 2010. Delar av datagrunnlaget for å dekke EØS-krava blei samla inn gjennom ei utvalsundersøking i 2011. Resultat frå denne utvalsundersøkinga er publisert på: <http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/lu/aar-endelige/2011-12-08>

*Konfidensialitet* Resultat frå undersøkinga vert undertrykt ved publisering dersom det er for få observasjonar bak resultatata, eller at resultat kan sporast tilbake til einskilde personar, bedrifter eller eigedomar.

## Populasjonar

*Populasjonar* Opplysningar til Landbruksteljing 2010 blei innhenta for følgjande populasjonar; alle aktive jordbruksbedrifter og alle landbrukseigedomar. Dessutan inngjekk ein eigen hagebrukspopulasjon som del av jordbruksbedriftene.

Opplysningar om populasjonane blei innhenta på følgjande måtar:

- Kombinert skjema- og registerbasert teljing av aktive jordbruksbedrifter, inkludert husdyrhald og hagebruk
- Registerbasert teljing av landbrukseigedomar

*Jordbruksbedrifter og oppgåveplikt* Jordbruksbedrifter som fylte eit eller fleire av følgjande vilkår per 31. juli 2010 var oppgåvepliktige til Landbruksteljing 2010:

- Dreiv minst 5 dekar jordbruksareal
- Dreiv minst 300 m<sup>2</sup> veksthusareal
- Dreiv minst 2 dekar grønsaker på friland, inkludert urter
- Dreiv minst 1 dekar frukttre
- Dreiv minst 1 dekar bær på friland
- Dreiv minst 1 dekar planteskule (areal som berre blei brukt til skogplanter skulle ikkje takast med)
- Hadde minst 10 storfe, medrekna kalvar
- Hadde minst 20 sauer over 1 år
- Hadde minst 10 geiter over 1 år
- Hadde minst 5 avlssvin og/eller 50 andre svin
- Hadde minst 1 000 høner og/eller kyllingar påsette til verpehøns
- Hadde minst 1 000 slaktekyllingar
- Hadde minst 25 bikubar i produksjon

Populasjonen for dei aktive jordbruksbedriftene blei bestemt ut frå ei rekkje register og undersøkingar i og utanfor SSB. Dei viktigaste kjeldene var:

- Søknad om produksjonstilskot, Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Landbruksregisteret (SLF)
- Leveranseregisteret for korn- og oljevekstar (SLF)
- Leveranseregisteret for slakt (SLF)
- Næringsoppgåve/landbruksskjema (Skattedirektoratet)
- Verksemds- og føretaksregisteret (SSB)

*Landbrukseigedomar* Populasjonen av landbrukseigedomar omfatta eigedomar med minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal, dvs eigedom som blei nytta eller kunne bli nytta til jord- og/eller skogbruk.

Som del av Landbruksteljing 2010 blei det gjennomført eit eige arealprosjekt for landbrukseigedomar. Eit av resultatane frå prosjektet var ein korrigert og forbetra populasjon av landbrukseigedomar.

Tabellane i kapittel 2 i rapporten bygger på dei 189 047 landbrukseigedomane ifølgje arealprosjektet, mens tabellane i kapittel 3 omfattar tal for dei 185 098 landbrukseigedomane i Landbruksregisteret.

## Skjemabasert datainnhenting

*Datainnsamling* Den skjemabaserte datainnsamlinga omfatta tre ulike skjema:

- Hovudskjema for alle oppgåvepliktige jordbruksbedrifter, eitt skjema for personlege brukarar og eitt skjema for upersonlege brukarar
- Hagebruksskjema for einingar med hagebruk over definerte minstegrenser
- Tilleggsskjema om jordbruksareal og husdyr for einingar som ikkje søkte produksjonstilskot i jordbruket

Det var i alt 46 624 oppgavepliktige jordbruksbedrifter, av desse dreiv 3 036 hagebruk over dei definerte minstegrensene. 855 einingar søkte ikkje produksjons-tilskott og fylte ut tilleggsskjemaet.

Aktuelle skjema blei sendt i posten til jordbruksbedriftene. Det var høve til å levere opplysningar via elektronisk skjema i Altinn i tillegg til tradisjonell utfylling av papirskjema. Svarfrist var 20. august 2010.

Sjå skjema under Vedlegg.

### Revisjon og kontroll

*Revisjon og kontroll*

I Statistisk sentralbyrå gjennomgjekk skjema kontroll og oppretting i fleire fasar. Data blei kontrollert både manuelt og maskinelt for å sikre konsistensen både innan eit enkelt skjema og mellom skjema og tilgjengelege registeropplysningar. Maskinelle kontrollar og opprettingar blei gjort i revisjonsapplikasjonen DynaRev. Det vart òg nytta eit eige program for automatisk oppretting og imputering. Imputeringa bygde på "næraste nabo"-prinsippet, dvs. imputering av verdiar frå ei bedrift som var svært lik bedrifta som vert editert.

Dei administrative registra som blei nytta i teljinga blei i fyrste rekkje kontrollert av det forvaltningsorganet som var ansvarlig for systemet.

*Utrekningar*

I ei fullteljing er utrekningane relativt enkle med opteljing, gruppering av variablar og krysstabulering av variablar.

### Feilkjelder

*Måle- og handsamingsfeil*

Delar av primærdata blei henta frå skjema fylt ut av oppgavegivarane. Skjema kan innehalde feil som den enkelte oppgavegivar gjer i utfyllinga. Mange av feila vert oppdaga og retta under gjennomgangen i SSB. Alle undersøkingar vil vere hefta med målefeil, dvs. at den som rapporterer ikkje alltid kjenner den eksakte verdien som det vert stilt spørsmål om, at spørsmålet blir misforstått eller at spørsmålet ikkje er klart formulert.

Eit eksempel på det siste er spørsmålet om bruk av utanlandsk arbeidskraft, men omgrepet "utanlandsk" var ikkje definert. Det vil seie at oppgavegivarane kan ha forstått spørsmålet på litt ulike måtar. I tillegg til utanlandske statsborgarar som er i Noreg for ein tidsavgrensa periode på grunn av eit arbeidsforhold, kan òg utanlandske statsborgarar som er meir permanent busett i Noreg og innvandrarar med norsk statsborgarskap ha blitt tekne med.

I arbeidet med å kontrollere og legge inn data der oppgavegivar ikkje hadde svara, blei det brukt eit automatisk imputeringsprogram. Her kan det oppstå feil. Imputeringa blei gjort slik at systematiske feil skulle bli unngått, og datamaterialet blei kontrollert etter den automatiske editeringa.

I registerdata vil det òg vere måle- og handsamingsfeil. Ikkje alle data i registra går inn i saksførebuinga hos registereigar, og vert difor ikkje kontrollert inngåande. Så langt det er råd, rettar SSB også i registeropplysningar. SSB har oversikt over korleis registerdata vert kontrollert hos registereigar.

*Fråfallsfeil*

Då siste svarfrist gjekk ut, hadde 96 prosent svara på skjema. Verdiar for dei som ikkje hadde svara, blei imputert ut frå andre kjende opplysningar (register, andre undersøkingar) og ut frå andre statistiske måtar å imputere på.

*Utvalsfeil*

Utvalsfeil er i utgangspunktet ikkje relevant ved ei fullteljing. Ved publisering av førebelse tal blei det likevel nytta eit utval. I ettertid viste det seg at dette utvalet ikkje var godt nok til å fange opp spesialisering og dynamikk i populasjonen. Dei endelege tala for t.d. arbeidsinnsats vart monaleg lågare enn det standardavviket for dei førebelse tala skulle tilseie.

*Andre feil* Alle data om t.d. sivil status og utdanning er henta frå ymse register. Registra fangar ikkje opp alle sambuarformer, slik at det er avvik mellom skjemaopplysningar og register for enkelte kjennemerke. På skjemaet er det ført arbeidsinnsats for sambuar eller partnar utan at vedkomande er registrert i registra. Ved publisering har vi valt å halde oss strengt til registra der desse er kjelde for kjennemerka, mens arbeidsinnsats fordelt etter type arbeidskraft byggjer på opplysningar gitt på skjema.

Det kan oppstå feil i dataoverføring frå papir til elektronisk medium (skanning/verifisering).

### **Samanlikningar og samanheng**

Resultat frå Landbruksteljing 2010 er nært knytte til fleire av dei statistikkane som vert publisert årleg. I arbeidet med landbruksteljinga la ein til rette for å kunne sjå fleire av statistikkane i samanheng. Det har blitt gjennomført fullstendige teljingar innan jordbruk sidan 1907. Tidsseriane kan ikkje utan vidare trekkast så langt tilbake, men statistikken er stort sett samanliknbar tilbake til slutten av 1940-åra. For nokre variablar vil det vere eit brot i tidsserien. Publikasjonane frå tidligare teljingar gir meir informasjon om brot i tidsseriar o.a.

### **Jordbruksbedrifter**

Frå 1999 blir alt som inngår i ein søknad om produksjonstilskot rekna som ei jordbruksbedrift, uavhengig av kommunegrenser. Før 1999 var den statistiske eininga for jordbruksbedrift avgrensa til å vere alt innanfor ein kommune.

Publiserte tabellar frå dei fullstendige teljingane før 1999 omfattar for det meste tal for einingar med minst 5 dekar jordbruksareal i drift. For teljingane i 1999 og 2010 omfattar tabellane også tal for einingar med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift. Mange av tabellane i denne publikasjonen omfattar derfor berre tal for 1999 og 2010.

### **Fylke**

Ølen kommune blei i 2002 flytta frå Hordaland til Rogaland. Det er ikkje korrigert for flyttinga i resultatata frå teljingane i 1999 og tidlegare. I 2010 var tidlegare Ølen kommune del av Vindafjord kommune i Rogaland.

### **Utanlandsk arbeidskraft**

Spørsmål om utanlandsk arbeidskraft i 2010 omfatta fleire typar av arbeidskraft enn i 1999 då utanlandsk arbeidskraft vart avgrensa til "gjestearbeidarar som er i landet i kortare tidsperiodar og som deltok i t.d. innhaustingsarbeid." Spørsmålet i 1999 vart elles berre stilt til dei med hagebruksproduksjon. Omfanget av utanlandsk arbeidskraft har auka kraftig sidan 1999, og det er grunn til å tru at utanlandsk arbeidskraft i 1999 stort sett omfatta berre personar som var i landet i kortare periodar. Ein bør likevel vere varsam ved samanstilling av tala for 1999 og 2010.

### **Andre næringar basert på jordbruksbedrifta sine ressursar**

Spørsmål om andre næringar vart stilt første gong i 1999. På desse elleve åra har merksemda kring andre næringar auka, samstundes som utforming av spørsmåla har blitt justerte. Dette kan ha hatt innverknad på nokre av resultatata, slik at auken som går fram av tala for t.d. "utleige av jakt- og fiskerettar" ikkje er reell. Tala for 1999 er truleg for låge.

### **Landbrukseigedomar**

Ved landbruksteljingane i 1979 og 1989 omfatta hovudskjemaet spørsmål både om jordbruksbedrifter og landbrukseigedomar. Ved landbruksteljinga i 2010 blei alle opplysningar om landbrukseigedomar henta inn frå register. Spesielt storleiken på uproduktive areal viser store avvik mellom dei ulike teljingane. Talet på landbrukseigedomar varierer også. Tabellane i denne publikasjonen omfattar berre tal for 2010.



### 1.3. Register

Store delar av datagrunnlaget for Landbruksteljing 2010 er henta frå ulike administrative register og frå dei sentrale populasjonsregistra i SSB. Her følgjer eit oversyn over dei viktigaste registra.

#### *Landbruksregisteret*

Landbruksregisteret er landbrukets registerkjerne for tilskotforvaltning og administrasjon. Landbruks- og matdepartementet er registereigar, mens Statens landbruksforvaltning (SLF) har forvaltningsansvaret. Landbruksregisteret omfattar alle landbrukseigedomar og alle grunneigedomane som blir omfatta av ein landbrukseigedom, dei fleste jordbruksbedrifter og personar (inkl. juridiske personar) knytt til disse einingane som eigar og/eller brukar. Landbruksregisteret blir nytta som eit felles register for landbruksforvaltninga, for offisiell landbruksstatistikk i SSB og som overbygning for medlems- og kunderegister i mange av landbruket sine organisasjonar.

Landbruksregisteret blei etablert i 1991. Informasjon frå landbruksregisteret blei i 2010 brukt til å etablere teljingspopulasjonen og til å rapportere enkelte variablar til Eurostat.

#### *Totalpopulasjon for jordbruksbedrifter*

SSB har sidan 2000 oppdatert ein årleg populasjon av aktive jordbruksbedrifter. Kjernen i populasjonen er einingar som søker produksjonstilskot i jordbruket per 31. juli. I tillegg til desse einingane nyttar SSB ulike register for å fange opp aktive jordbruksbedrifter som ikkje søker produksjonstilskot. Desse registra er Landbruksregisteret, Landbruksundersøkinga, Verksemd- og føretaksregisteret, Leveranseregisteret for korn, Leveranseregisteret for slakt, Søknad om produksjonstilskot per 1. januar og næringsoppgåver og landbruksskjema til sjølvmeldinga.

Informasjon frå totalpopulasjonen 2009 blei brukt til å etablere teljingspopulasjonen.

#### *Søknad om produksjonstilskot i jordbruket*

Opplysningar frå godkjente søknader blei brukt som kjelde for data om bruken av jordbruksarealet og talet på husdyr. Systemet med produksjonstilskot i jordbruket blir administrert av Statens landbruksforvaltning (SLF). Det er to søknadsomgangar for tilskot; per 1. januar og per 31. juli.

#### *Skattestatistikk/sjølvmelding og skattelikning*

For personlege brukarar og ektefelle/sambuar er data frå sjølvmelding og skattelikning koplet til. Sjølvmeldinga gir oversikt over skattepliktige inntekter, inntektsfrådrag, formue og gjeld. Opplysningane om ulike typar inntekter, gjeld, renteutgifter m. fl. omfattar ikkje berre tal for jordbruksdrifta, men alt som den enkelte person har gitt opplysningar om på sjølvmeldinga.

Informasjon frå sjølvmelding og skattelikning blei brukt ved kontroller under revisjonsprosessen av skjemadata og til statistikk.

#### *Meirverdiavgiftsregisteret*

Registeret omfattar alle føretak med momspliktig omsetning etter meirverdiavgiftsloven. Eit føretak er registreringspliktig først når årleg omsetnad er større enn kroner 50 000.

Informasjon frå meirverdiavgiftsregisteret blei brukt til å utarbeide ein ny statistikk for omsetnad på jordbruksbedrifter.

#### *Befolkningsregisteret (BeReg)*

BeReg er SSB sitt populasjonsregister for personar og familiar. Mellom anna informasjon om brukarane sin sivilstatus og alder er henta frå BeReg.

### ***Utdanningsregisteret***

Opplysningar om brukar sitt utdanningsnivå og type utdanning er basert på Nasjonal utdanningsdatabase. Utdanningsregisteret blei kopla til teljingsmaterialet for å lage statistikk over brukar og ektefelle/sambuar sin høgaste utdanning. Registeret blei brukt ved rapportering av landbruksutdanning til Eurostat.

### ***Verksemds- og føretaksregisteret (VoF)***

VoF skal vere dekkande og kvalitetssikra for alle næringsbaserte einingar som er relevante for norsk statistikk. VoF er knytt til Einingsregisteret i Brønnøysund. Informasjon frå VoF blei brukt til å etablere teljingspopulasjonen og ved publisering.

### ***Matrikkelen***

Matrikkelen er landets offisielle eigedomsregister. Den inneheld oversikt over grunneigedomar, digitale eigedomsgrensar, eigarar, adresser og bygningar. Kartverket er registereigar. Data frå Matrikkelen blei brukt til å lage statistikk for landbrukseigedomar. Vidare er Matrikkelen brukt ved rapportering av lokalisering av jordbruksbedrift til Eurostat.

### ***Arealressurskart***

SSB har fått fullstendig kartgrunnlag AR-STAT tilrettelagt for statistikkformål frå Norsk institutt for skog og landskap. Kartgrunnlaget blei brukt til å berekne storleiken på ulike typar areal på landbrukseigedomar.

## **1.4. Omgrep**

Her er eit oversyn over ein del sentrale omgrep som er nytta ved Landbruksteljing 2010. Spesielle omgrep vil bli omtala i den innleiande teksten til kapitla 2-9.

### ***Andre landbruksbaserte næringar/tilleggsnæringar***

Andre landbruksbaserte næringar omfattar andre aktivitetar enn jordbruk, og som utnyttar jordbruksbedrifta sitt areal, bygningar, maskiner og/eller landbruksråvarer. Andre landbruksbaserte næringar vart tidlegare kalla "tilleggsnæringar".

### ***Brukar(ane)***

Den/dei som er ansvarleg for jordbruksdrifta. I Verksemds- og føretaksregisteret vil brukaren vere registrert som innehavar av enkeltmannsføretak, eller som eigar eller deltakar i eit selskap.

### ***Driftsform***

Driftsforma til ei jordbruksbedrift blir fastsett ut frå delen dei ulike plante- og husdyrproduksjonane utgjer av den totale produksjonen til bedrifta. Klassifisering av jordbruksbedriftene etter driftsform er ei felles inndeling for alle EU- og EØS-landa. Driftsforminndelinga til og med 2009 brukte standard dekningsbidrag (SDB) som felles storleiksmål for dei ulike plante- og husdyrproduksjonane. Frå og med 2010 er SDB erstatta med standard omsetning (SO). I tillegg er det gjort nokre andre metodeendringar. Driftsforminndelinga med utgangspunkt i SDB er ikkje fullt samanliknbar med SO-inndelinga frå 2010.

Standard omsetning (SO) for ein produksjon er verdien av produksjonen basert på produsentpris. SO er eksklusive direkte tilskott, meirverdiavgift og skattar/avgifter, og blir rekna ut på regionalt nivå per dekar og per dyr for aktuelle plante- og husdyrproduksjonar. SO som blir nytta i berekningane er eit gjennomsnitt for 5 år. Total standard omsetning for ei jordbruksbedrift er summen av SO per dekar/husdyr multiplisert med tal dekar/husdyr for alle plante- og husdyrproduksjonar på jordbruksbedrifta.

### ***Eigar av landbrukseigedom***

Som eigar reknast den som er tinglyst heimelshavar i Matrikkelen. Ein landbrukseigedom kan ha meir enn ein eigar.

**Familiemedlemmer**

Som familiemedlemmer blir rekna besteforeldre, foreldre, barn, barnebarn, søsken og svigerfamilie av personleg brukar.

**Fulldyrka jord**

Areal som er dyrka til vanleg pløyedjupn og som kan nyttast til åkervekstar eller til eng som kan fornyast ved pløying.

**Innmarksbeite**

Areal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 prosent av arealet skal vere dekt av grasartar. Arealet skal ha gjerde mot utmark, naboeigedom og anna areal eller ha naturleg grense mot elv, sjø, fjell og liknande. Restareal av skog, myr, vatn og fjell som per eining er større enn 1,0 dekar skal trekjast ifrå.

**Jordbruksareal i drift**

Omfattar alt eigd og leigd/forpakta jordbruksareal i drift, medrekna eittårig brakk. Som jordbruksareal reknast fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

**Jordbruksareal i drift etter kommunen der arealet fysisk ligg**

Ei jordbruksbedrift kan drive jordbruksareal i fleire kommunar. Jordbruksareal i drift har sidan 1984 i hovudsak blitt publisert etter den kommunen jordbruksbedrifta sitt driftssenter ligg. Jordeige og -leige på tvers av kommunegrenser gjer at ein då ikkje viser ein kommune sitt faktiske jordbruksareal i drift. Med omgrepet "Jordbruksareal i drift etter kommunen der arealet fysisk ligg" viser ein jordbruksareal tilhøyrande kvar einskild kommune.

**Jordbruksbedrift**

Verksemd med jordbruksdrift inkludert husdyrhald og hagebruk. Bedrifta omfattar alt som blir drive som ei eining under ei leing og med felles bruk av produksjonsmidlar, og er uavhengig av kommunegrenser.

**Landbrukseigedom**

Eigedom som blir nytta eller kan bli nytta til jord- og/eller skogbruk. Alt som høyrer til same eigar i ein kommune høyrer til same landbrukseigedom utan omsyn til om den omfattar fleire matrikelnummer (grunneigedomar). I SSB blir landbrukseigedomane avgrensa til eigedomar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller med minst 25 dekar produktivt skogareal.

**Leigejord**

Jordbruksareal der eigar og brukar av arealet er forskjellige personar, inklusive ikkje-fysiske personar. Jordleige er uavhengig av om det vert ytt godtgjersle eller ikkje til eigaren, såleis inngår også jordbruksareal eigd av andre og som brukar disponerer gratis. Både forpaking av heile eigedomar og leige av tilleggsjord til eigen eigedom reknast som jordleige. Dersom ektefelle til brukar er eigar, reknast arealet som eigd. Dersom deltakar i samdrift eig areal som er i drift på samdrifta, reknast arealet som eigd. Eit leigeforhold refererer til ein landbrukseigedom sitt hovudnummer. Dersom ein brukar av ei jordbruksbedrift har inngått fleire leigeavtaler på same eigedom, reknast dette som eitt leigeforhold. På den andre sida kan eigar av ein eigedom leige ut areal til fleire jordbruksbedrifter, og dette blir rekna som eitt leigeforhold på kvar av bedriftene.

**Overflatedyrka jord**

Jordbruksareal som for det meste er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.

**Produktivt skogareal**

Skogareal som ved gode bestandstilhøve i gjennomsnitt per år kan produsere minst 0,1 kubikkmeter trevirke med bork per dekar.

**Uproduktivt skogareal**

Skogareal som ved gode bestandstilhøve i gjennomsnitt per år produserer mindre enn 0,1 kubikkmeter trevirke med bork per dekar.

**Årsverk**

I datafangsten vart arbeidsinnsatsen registrert i timeverk. Over tid er timar per årsverk endra. Ved omrekning til årsverk, er det nytta 1875 timar per årsverk for 1999 og 1845 timar for 2010.

**Omgrep gjeldande for Skattestatistikken****Bruttoinntekt**

Omfattar lønnsinntekter, næringsinntekter, pensjoner og kapitalinntekter.

**Gjeld**

Omfattar gjeld til norske og utanlandske fordringshavarar samt andelseigarar sin del av bustadselskapets gjeld.

**Kapitalinntekter**

Kapitalinntekter omfattar renteinntekter, aksjeutbytte, realisasjonsgevinstar og andre kapitalinntekter i løpet av kalenderåret. Til frådrag kommer realisasjonstap.

**Nettoformue**

Nettoformue er skattepliktig bruttoformue minus gjeld. Nettoformue kan være negativ, mens skattepliktig nettoformue er null eller positiv.

**Næringsinntekt**

Skattemessig overskot frå næringsverksemd.

**Næringsinntekt frå jordbruk**

Positiv inntekt frå jordbruk henta frå næringsoppgåva. I tillegg inngår sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande i jordbruk, skogbruk og fiske. Frådrag, som blant anna kontingent til næringsorganisasjon, årets underskot i næringa, framførbart underskot i næringa frå tidligare år, gjeldsrenter og jordbruksfrådrag, er ikkje trekt frå. Inntekter frå skogbruk eller andre tilleggsnæringar i jordbruksbedrifta, som skattemessig blir rekna som eiga næring, er inkludert i andre næringsinntekter.

**Personinntekt lønn**

Omfattar lønn for utført arbeid og ulike pensjongivande stønader.

**Personinntekt pensjoner**

Omfattar tenestepensjon og pensjoner frå folketrygda.

**Skattepliktig bruttoformue**

Omfattar faste eigedomar, skog, driftslausøyre og andre eigendelar i næring, innbu og lausøyre, bankinnskott, aksjefond, obligasjons- og pengemarknadsfond, aksjar o.a.

**Skattepliktig nettoformue**

Nettoformue er skattepliktig bruttoformue minus gjeld.

**Utligna skatt**

Bruttoskatt er sum inntekts- og formuesskatt til kommune, fylke og stat, samt medlemsavgifter til folketrygda. Nettoskatt er bruttoskatt minus skattefrådrag, m.a. Bustadsparing for ungdom og Finnmarksfrådrag.

**1.5. Grupperingar**

Kapitla 2–9 omfattar i alt 106 tabellar med resultatata frå Landbruksteljing 2010 etter tema. Tabellane omfattar ulike grupperingar. Jordbruksbedriftene blir i hovudsak delt inn etter fylke, driftsform, jordbruksareal i drift, brukartype og årsverk utført i

jord- og hagebruk. Tabellane for hagebruk har i tillegg grupperingar etter areal av hagebruksvekstar og årsverk i hagebruket. Landbrukseigedomane blir mellom anna delte inn etter fylke, type landbrukseigedom, eigartype og storleik på eigedomane. Tabell 1.1 omfattar tal både for landbrukseigedomar og jordbruksbedrifter. Det er den einaste tabellen i rapporten som er delt inn etter kommune.

### 1.6. Meir informasjon

*Publisering på internett* Statistikk utarbeidd i Statistisk sentralbyrå blir publisert på Internett: <http://www.ssb.no/>

Eit oversyn over all statistikk som er publisert i forbindelse med Landbruksteljing 2010 er lagt på: <http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri>

*Dokumentasjon* Gjennomføring av landbruksteljinga er dokumentert i Notater 2013/27 Landbrukstelling 2010. Dokumentasjon er lagt på på: <http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/landbrukstelling-2010>

*Spesialtinging* Teljingsmaterialet er omfattande, og er lagra på individnivå (jordbruksbedrift og landbrukseigedom), noko som gjer det mogleg å lage "skreddarsydd" statistikk. Om-synet til personvern set likevel grenser for kor detaljert statistikk som kan publiserast.

**Tabell 1.1. Landbrukseigedomar og eigedomsareal, jordbruksbedrifter, jordbruksareal i drift, leigejord og årsverk utført i jord- og hagebruk, etter fylke og kommune**

	Land- bruks- eigedomar	Areal på landbrukseigedomar				Jordbruks- bedrifter	Jordbruks- areal i drift <sup>1</sup>	Av dette leigejord	Årsverk i alt utført i jord- og hagebruk
		I alt	Jordbruks- areal	Produktivt skogareal	Anna areal				
----- Dekar -----									
<b>Heile landet 2010</b> .....	<b>189 047 248 008 000</b>	<b>10 771 800</b>	<b>70 569 600</b>	<b>166 666 600</b>	<b>46 624</b>	<b>10 059 900</b>	<b>4 184 500</b>	<b>51 240</b>	
<b>2010</b>									
<b>Fylke</b>									
01 Østfold .....	7 010	3 672 000	753 300	2 366 400	552 700	2 488	740 700	303 000	2 102
02 Akershus / 03 Oslo...	7 956	4 587 000	806 300	3 295 700	485 400	2 433	782 100	316 600	1 997
04 Hedmark .....	16 708	22 732 000	1 113 600	12 777 900	8 840 200	3 749	1 056 500	452 000	3 892
05 Oppland .....	15 207	21 380 000	1 061 900	6 522 800	13 795 400	5 153	1 024 800	381 700	5 608
06 Buskerud .....	9 868	12 063 000	533 300	5 548 700	5 980 600	2 401	516 100	229 000	2 444
07 Vestfold .....	4 837	1 957 000	421 500	1 288 200	247 300	1 632	414 300	197 300	1 696
08 Telemark .....	8 296	11 905 000	282 500	5 223 400	6 399 300	1 618	252 100	137 100	1 175
09 Aust-Agder.....	5 758	6 726 000	134 300	3 573 100	3 018 600	728	111 300	65 600	648
10 Vest-Agder.....	7 752	5 958 000	213 600	2 482 500	3 261 500	1 189	189 000	104 600	1 095
11 Rogaland.....	10 804	7 058 000	1 019 300	1 411 100	4 627 700	4 753	1 000 900	329 700	6 746
12 Hordaland .....	13 880	7 741 000	465 800	2 631 300	4 644 000	3 315	416 100	176 400	3 412
14 Sogn og Fjordane....	10 332	6 219 000	479 100	2 257 000	3 482 500	3 308	448 300	168 900	3 736
15 Møre og Romsdal ....	13 999	10 077 000	622 300	2 819 200	6 635 700	3 043	569 000	269 700	3 587
16 Sør-Trøndelag .....	11 246	15 667 000	795 000	3 952 000	10 920 100	3 204	747 200	304 300	3 575
17 Nord-Trøndelag.....	9 682	21 056 000	886 500	6 565 200	13 604 600	3 557	872 400	279 100	4 372
18 Nordland .....	19 166	26 838 000	698 900	4 520 900	21 618 400	2 533	570 900	273 600	3 255
19 Troms Romsa .....	12 470	18 842 000	353 100	2 688 600	15 800 600	1 151	253 900	146 400	1 439
20 Finnmark Finnmarku.	4 076	43 530 000	131 600	645 600	42 752 400	369	94 300	49 500	462
<b>01 Østfold</b>									
0101 Halden.....	625	572 000	60 500	380 100	131 500	214	63 100	23 600	174
0104 Moss .....	79	46 000	6 800	31 500	7 600	16	5 300	3 100	48
0105 Sarpsborg .....	764	341 000	78 500	198 100	64 000	308	77 600	31 300	252
0106 Fredrikstad .....	794	233 000	67 700	95 200	70 500	250	66 300	30 300	205
0111 Hvaler.....	243	62 000	4 400	18 200	39 400	24	3 600	2 500	22
0118 Aremark .....	215	281 000	20 700	228 300	32 400	74	19 500	6 100	37
0119 Marker .....	435	364 000	39 700	288 400	35 900	140	39 300	16 900	105
0121 Rømskog .....	102	160 000	3 200	138 200	19 000	17	3 100	1 600	4
0122 Trøgstad .....	460	182 000	63 500	107 100	11 600	173	63 800	30 200	155
0123 Spydeberg .....	272	129 000	37 600	79 200	12 000	104	36 300	16 700	72
0124 Askim .....	256	58 000	27 700	24 500	5 800	85	23 500	8 600	49
0125 Eidsberg .....	609	221 000	75 000	126 300	19 300	247	74 400	30 700	201
0127 Skiptvet.....	305	90 000	32 400	50 800	6 700	137	31 900	13 400	86
0128 Rakkestad .....	714	414 000	108 700	264 400	40 700	307	110 700	37 600	262
0135 Råde.....	311	97 000	35 300	44 700	17 200	119	32 200	13 100	121
0136 Rygge.....	236	57 000	27 000	22 400	7 200	94	26 800	12 800	184
0137 Våler .....	320	231 000	34 400	174 000	22 100	109	33 100	12 300	77
0138 Hobøl .....	270	135 000	30 200	95 000	9 800	70	30 100	12 200	49

Tabell 1.1. (framh.)

	Landbruks- eigedomar	Areal på landbrukseigedomar				Jordbruks- bedrifter	Jordbruks- areal i drift <sup>1</sup>	Av dette leigejord	Årsverk i alt utført i jord- og hagebruk
		I alt	Jordbruks- areal	Produktivt skogareal	Anna areal				
		Dekar				Dekar			
<b>02 Akershus/03 Oslo</b>									
0211 Vestby .....	311	119 000	35 200	73 500	10 400	101	37 400	19 200	76
0213 Ski .....	311	147 000	37 500	96 600	12 700	92	36 200	17 000	79
0214 Ås .....	230	91 000	38 400	43 900	8 900	97	40 800	14 700	88
0215 Frogn .....	163	70 000	15 400	41 400	13 000	46	11 400	5 200	58
0216 Nesodden .....	128	46 000	5 000	32 300	8 200	21	5 400	3 500	42
0217 Oppegård .....	42	24 000	1 300	19 700	2 800	4	700	500	3
0219 Bærum .....	236	146 000	14 500	108 000	23 300	47	14 700	6 600	48
0220 Asker .....	249	67 000	10 200	46 000	10 900	54	8 100	4 800	103
0221 Aurskog-Høland ..	1 115	880 000	99 300	690 500	90 000	328	99 000	44 300	168
0226 Sørurum .....	514	190 000	71 400	106 700	11 700	223	72 700	27 900	159
0227 Fet .....	312	129 000	26 400	89 300	13 700	79	25 800	12 300	66
0228 Rælingen .....	74	51 000	5 700	41 300	4 100	23	5 800	2 400	21
0229 Enebakk .....	247	188 000	30 200	146 300	11 100	94	27 600	10 200	59
0230 Lørenskog .....	83	58 000	6 100	45 200	6 700	22	5 400	2 100	23
0231 Skedsmo .....	162	56 000	20 400	27 300	8 300	53	19 900	10 200	64
0233 Nittedal .....	215	168 000	16 300	135 500	16 600	49	14 700	7 000	49
0234 Gjerdrum .....	200	78 000	26 000	45 100	7 200	73	24 400	9 300	61
0235 Ullensaker .....	580	231 000	87 500	114 400	29 000	233	85 500	26 600	207
0236 Nes .....	1 142	592 000	138 900	400 000	53 400	374	132 600	44 700	264
0237 Eidsvoll .....	790	362 000	53 200	276 900	31 700	188	50 400	23 800	155
0238 Nannestad .....	446	316 000	51 400	233 600	31 000	152	48 600	16 000	131
0239 Hurdal .....	243	249 000	7 500	223 300	18 400	52	7 000	3 700	34
0301 Oslo .....	163	330 000	8 500	258 900	62 100	28	8 200	4 600	42
<b>04 Hedmark</b>									
0402 Kongsvinger .....	1 127	936 000	54 300	789 300	92 700	165	45 900	24 100	107
0403 Hamar .....	421	323 000	47 600	167 500	108 200	127	45 200	17 900	131
0412 Ringsaker .....	1 558	1 099 000	188 200	608 300	302 800	617	177 000	59 500	805
0415 Løten .....	588	357 000	46 700	239 900	70 100	134	44 200	21 700	147
0417 Stange .....	1 076	620 000	99 600	458 700	62 100	295	94 900	34 700	388
0418 Nord-Odal .....	679	466 000	25 300	391 300	49 900	122	26 000	15 300	62
0419 Sør-Odal .....	848	468 000	62 300	360 500	45 000	186	61 700	29 700	122
0420 Eidskog .....	853	592 000	39 200	493 700	58 900	158	36 600	21 100	66
0423 Grue .....	818	770 000	64 500	621 800	83 900	180	65 800	30 400	134
0425 Åsnes .....	1 345	993 000	101 700	774 200	117 100	306	98 000	46 500	210
0426 Våler .....	655	675 000	48 000	506 800	119 700	151	47 000	22 500	95
0427 Elverum .....	1 326	1 185 000	52 300	931 400	201 500	146	43 600	21 000	128
0428 Trysil .....	1 287	2 895 000	31 700	1 883 300	980 000	79	15 600	9 900	80
0429 Åmot .....	517	1 227 000	22 200	950 300	254 300	73	19 500	9 900	78
0430 Stor-Elvdal .....	489	2 055 000	21 900	934 800	1 098 800	77	19 900	8 500	80
0432 Rendalen .....	616	2 580 000	22 300	1 067 200	1 490 700	87	20 000	9 500	95
0434 Engerdal .....	269	1 891 000	13 600	654 300	1 222 900	46	11 100	4 700	57
0436 Tolga .....	312	667 000	29 800	92 300	545 300	128	33 800	10 900	190
0437 Tynset .....	817	1 249 000	58 400	358 700	832 400	249	60 300	22 100	325
0438 Alvdal .....	413	785 000	30 100	253 600	501 500	164	30 200	9 600	203
0439 Folldal .....	315	426 000	25 900	153 400	246 600	120	26 600	11 700	171
0441 Os .....	379	471 000	28 400	86 800	355 600	139	33 300	11 000	217
<b>05 Oppland</b>									
0501 Lillehammer .....	605	435 000	39 200	286 500	109 200	172	33 200	11 000	154
0502 Gjøvik .....	999	605 000	73 100	448 700	82 700	315	68 400	28 700	328
0511 Dovre .....	312	1 185 000	26 700	64 400	1 093 500	161	31 700	11 100	189
0512 Lesja .....	403	1 833 000	42 400	154 700	1 636 100	215	42 200	13 600	278
0513 Skjåk .....	349	2 036 000	22 700	140 200	1 873 000	154	23 100	9 200	203
0514 Lom .....	369	1 805 000	23 500	96 400	1 685 400	151	22 600	7 000	220
0515 Vågå .....	447	1 096 000	37 200	183 200	875 400	206	39 000	14 600	260
0516 Nord-Fron .....	643	984 000	44 900	245 500	693 800	240	43 000	16 900	260
0517 Sel .....	580	739 000	37 200	205 800	496 400	186	34 600	13 000	170
0519 Sør-Fron .....	495	478 000	36 800	122 700	318 800	182	39 100	10 700	216
0520 Ringebru .....	588	1 146 000	47 500	260 300	838 600	249	45 100	12 900	301
0521 Øyer .....	417	613 000	39 300	172 200	401 200	179	32 300	9 500	186
0522 Gausdal .....	707	1 155 000	68 700	355 900	730 900	351	68 100	18 900	395
0528 Østre Toten .....	1 102	477 000	112 900	295 900	68 100	397	108 100	47 200	462
0529 Vestre Toten .....	618	216 000	58 400	133 800	24 000	244	58 700	24 600	248
0532 Jevnaker .....	228	191 000	15 500	153 700	21 900	67	15 100	4 500	67
0533 Lunner .....	451	267 000	28 100	207 800	31 200	126	25 600	11 800	99
0534 Gran .....	1 054	586 000	78 900	440 400	66 300	307	73 000	27 200	295
0536 Søndre Land .....	577	653 000	26 600	540 100	86 300	128	25 000	8 700	118
0538 Nordre Land .....	961	853 000	43 600	579 700	229 200	221	45 100	20 400	207
0540 Sør-Aurdal .....	747	1 062 000	23 400	597 400	441 100	133	23 100	10 300	107
0541 Etne .....	410	435 000	19 700	230 900	184 700	77	15 900	7 900	79
0542 Nord-Aurdal .....	949	812 000	37 900	296 000	478 100	214	37 200	14 400	234
0543 Vestre Slidre .....	441	415 000	29 900	145 400	239 700	186	30 300	9 900	197
0544 Øystre Slidre .....	466	790 000	27 800	111 900	650 200	170	26 700	10 700	189
0545 Vang .....	289	513 000	19 900	53 200	439 600	122	18 500	6 800	147

Tabell 1.1. (framh.)

Landbruks- eidedomar	Areal på landbrukseidedomar				Jordbruks- bedrifter	Jordbruks- areal i drift <sup>1</sup>	Av dette leigejord	Årsverk i alt utført i jord- og hagebruk	
	I alt	Jordbruks- areal	Produktivt skogareal	Anna areal					
Dekar				Dekar					
<b>06 Buskerud</b>									
0602 Drammen .....	221	108 000	13 400	81 900	13 200	42	9 700	4 800	42
0604 Kongsberg .....	790	754 000	39 800	513 900	200 000	165	36 600	16 500	110
0605 Ringerike .....	1 286	1 408 000	75 000	1 094 300	239 000	275	73 100	28 300	175
0612 Hole.....	278	128 000	22 000	93 300	13 000	80	21 700	8 000	200
0615 Flå.....	201	625 000	6 900	296 300	321 900	36	5 000	1 700	19
0616 Nes .....	511	699 000	15 400	273 100	410 900	102	15 600	7 300	82
0617 Gol .....	457	439 000	20 300	180 000	238 200	116	22 900	9 900	117
0618 Hemsedal.....	223	700 000	22 000	50 000	628 200	79	21 100	7 900	99
0619 Ål.....	574	679 000	30 000	155 400	493 900	174	39 100	16 100	188
0620 Hol .....	398	1 174 000	17 900	89 000	1 067 600	94	18 300	8 800	92
0621 Sigdal .....	559	789 000	34 900	475 000	279 400	186	33 000	12 300	109
0622 Krødsherad .....	245	335 000	9 300	252 800	73 000	52	9 300	4 900	51
0623 Modum .....	852	453 000	49 700	341 300	61 600	234	52 100	24 400	162
0624 Øvre Eiker.....	771	407 000	51 500	292 800	63 100	215	48 600	21 800	192
0625 Nedre Eiker .....	184	103 000	8 000	74 500	20 600	33	8 000	4 100	32
0626 Lier .....	616	268 000	43 200	194 000	31 100	166	38 100	21 700	493
0627 Røyken .....	268	95 000	16 200	68 000	11 200	55	14 000	6 300	46
0628 Hurum .....	209	146 000	14 000	105 800	25 700	57	13 100	6 400	51
0631 Flesberg.....	404	517 000	14 000	352 100	150 900	55	10 500	5 300	22
0632 Røllag .....	242	419 000	10 500	196 800	211 300	55	9 000	4 900	42
0633 Nore og Uvdal ....	579	1 814 000	19 400	368 500	1 426 600	130	17 200	7 600	122
<b>07 Vestfold</b>									
0701 Horten.....	189	55 000	19 900	27 900	7 100	65	17 500	5 500	82
0702 Holmestrand .....	186	76 000	19 100	51 400	5 900	69	17 700	7 500	53
0704 Tønsberg .....	336	86 000	41 800	30 900	13 100	130	36 900	18 700	174
0706 Sandefjord .....	473	90 000	34 500	35 500	19 800	142	34 100	16 400	122
0709 Larvik.....	999	462 000	76 400	303 400	81 900	341	73 500	39 200	324
0711 Svelvik .....	101	52 000	4 400	40 300	7 500	30	2 500	500	28
0713 Sande .....	361	168 000	31 000	118 400	18 200	122	35 700	17 300	165
0714 Hof .....	190	144 000	14 600	119 200	9 700	57	12 100	4 400	28
0716 Re .....	623	213 000	77 100	120 400	15 700	277	82 200	36 500	270
